



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 25.01.2022 kl. 17:15-19:00

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar	
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar	
Jarle Magnus Vilnes	Medlem	Til stades under drøftingane, men ikkje sjølve vedtaket i sak SR 2022/7
Karen Anny Espedal	Medlem	
Lillian Gjervik	Medlem	Til stades under drøftingane, men ikkje sjølve vedtaket i sak SR 2022/7
Arnt Johny Langeland	Medlem	
Terje Mork	Medlem	
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem	
Ingvild Loftheim	Varamedlem	

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Forfall:

Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2022/1		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2022/2		Godkjenning av protokollen frå soknerådsmøte 30.11.2021	RUNE ZIENER
SR 2022/3		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2022/4		Rehabilitering av Holmedal kyrkje	RUNE ZIENER
FR 2022/5		Budsjett 2022	RUNE ZIENER
SR 2022/6		Konfirmasjonar på laurdag	RUNE ZIENER

SR 2022/7		Bispevisitas	RUNE ZIENER
-----------	--	--------------	-------------

Askvoll, 25.01.2022

Rune Ziener
referent

SR 2022/1 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen.

SR 2022/2 Godkjenning av protokollen frå soknerådsmøte 30.11.2021

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 30.11.2021.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 30.11.2021.

SR 2022/3 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet.

M 2022/1: SWECO AS: *Notat. Vedlikehaldsplan og framdrift* (10.12.2021)

M 2022/2: Framtidig kontorløysing for kyrkja i Askvoll

M 2022/3: Problem med dreneringa på utvida del av Askvoll kyrkjegard

M 2022/4: Status for prosjektet med tankløysing og tilbygg på Vilnes

M 2022/5: Organistsituasjonen

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med følgjande tillegg til meldingssak 4:

Administrasjonen vert bedt om snarast å finne ei mellombels løysing for toalettfasilitetane ved Vilnes kyrkje.

FR 2022/4 Rehabilitering av Holmedal kyrkje

UTGREIING

SWECO AS, som har fått oppdraget frå soknet med prosjektoppfølgning av rehabiliteringa av Holmedal kyrkje, har levert framdriftsplan og prosjektskisse (sjå notat M 2022/1).

Pga. begrensa årleg budsjett, tilrår SWECO å dele prosjektet i to delprosjekt, begge med ein stipulert kostnad på 2,5 millionar kvar i anleggskostnad. I tillegg vil ein få eit prosjekt med rullestoltilkomst. SWECO er engasjert til å utarbeide eit forslag for løysing her.

Prosjektdel 1 omfattar rehabilitering av det øvre taket, inkl. veggjar mot tak samt heile tårnet med tilhøyrande vindauge og dør. Ved å gjere dette vil ein få ei naturleg avslutning mot veggjar og tak, der det er forholdsvis lett å starte på igjen seinare, skriv dei.

Askvoll kommune har løyvd kr 1,5 millionar i 2022 til prosjektet. Ein fekk også ei løyving frå kommunen i 2021 på 1,5 millionar, og det vart brukt kr 58.500,- i prosjekteringskostnadar i 2021. Prosjektet vart nedbudsettert i haust, og 1,4 millionar vart overført til 2022.

I 2022 har ein såleis følgjande disponibelt til prosjektet:

Prosjektoverskot 2021*	41 500
Overført investeringstilskot (2021)	1 400 000
Investeringstilskot (2022)	1 500 000
Prosjektsum	2 941 500

* Forutset at alle prosjektutgifter i 2021 er ført.

SWECO legg fram følgjande framdriftsplan:

- Ferdigstille og sende ut anbodspapira i jan / feb 2022
- Få aksept frå biskop/Riksantikvaren for takrenne i jan / feb 2022
- Oppstart byggearbeid i mai 2022
- Ferdig med del 1 hausten 2022

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek å gå i gang med rehabiliteringa av Holmedal kyrkje i samsvar med prosjektskisse og framdriftsplanen som er føreslege av SWECO AS.
2. Prosjektet vert innarbeidd i investeringsbudsjettet til soknet for 2022.
3. Søknad om godkjenning av prosjektet vert snarast sendt til biskopen i Bjørgvin.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek å gå i gang med rehabiliteringa av Holmedal kyrkje i samsvar med prosjektskisse og framdriftsplanen som er føreslege av SWECO AS.
2. Prosjektet vert innarbeidd i investeringsbudsjettet til soknet for 2022.
3. Søknad om godkjenning av prosjektet vert snarast sendt til biskopen i Bjørgvin.

FR 2022/5 Budsjett 2022

UTGREIING

Etter økonomiforskriften § 8, 2. ledd skal organ for soknet på kommunenivå, kvart år vedta eit budsjett.

Etter første ledd skal årsbudsjettet vere ein bindande plan for soknet sine midlar.

Askvoll sokn har separate investerings- og driftsbudsjett.

DEL 1 Investeringar

Med økonomiplanvedtaket FR 2021/38 er det for 2022 søkt kommunen om følgjande investeringstilskot:

Prosjekt	2022
Holmedal kyrkje	1.500.000
Tak Askvoll kyrkje	1.500.000
Nytt servicebygg Askvoll kyrkjegard	1.700.000
Ovnar og belysning Vilnes kyrkje	170.000
Rullestollift/heis Askvoll kyrkje	100.000
Orgelet i Holmedal	0
<u>Sum</u>	<u>4.970.000</u>

Takrehabiliteringa på Askvoll kyrkje og nytt servicebygg på Askvoll kyrkjegard er ikkje løyvd midlar til i 2022.

Imidlertid er det ført opp nye kr 2 millionar til brannsikring/tilbygg på Vilnes i 2022, jf. søknad om tilleggsløyving på kr 2,375 millionar (sak FR 2021/36).

Investeringstilskot til soknet vert såleis:

Prosjekt	2022
Holmedal kyrkje	1.500.000
Brannsikring/tilbygg Vilnes kyrkje	2.000.000
Ovnar og belysning Vilnes kyrkje	170.000
Rullestollift/heis Askvoll kyrkje	100.000
Orgelet i Holmedal	0
<u>Sum</u>	<u>3.770.000</u>

1.1 Vidareførte prosjekt i tidlegare investeringsplan

Tilbygg/brannsikring Vilnes

Dette prosjektet har pågått i fleire år. Etter forventa kostnadsoverskridingar vert det tilført 2 millionar ekstra her i 2022.

Disponibelt til prosjektet:

Prosjektoverskot 2021	568 000
Budsjettert bruk av ubunde investeringsfond i 2021	898 000
Nytt kommunalt investeringstilskot for 2022	2 000 000
<u>Totalt disponibelt 2022</u>	<u>3 466 000</u>

Kommentar til prosjektet:

Framleis har ein ikkje på plass avtale med grunneigar om alternativ tankplassering for vanntilførsel og septik.

Eksakt pris for sprenging og nedsetting av tank er ikkje kjent.

Caverion har varsla prisauke på kr 149.726,- for sprinklaranlegg, då soknet er forsinka med gjennomføringa.

1.2 Prosjekt utanfor kommunalt investeringstilskot

Ingen nye prosjekt her, men restaurering av orgelet i Holmedal kyrkje ligg inne i 2023.

1.3 Prosjekt til realisering i 2022 etter investeringsplan***Rehabilitering av Holmedal kyrkje (Sjå eiga sak)****Kommentar til prosjektet:*

Prosjektdel 1 (tak og tårnparti) er tenkt utbetra i år.

Stipulert kostnad er 2,5 millionar + prosjekteringsutgifter og utgifter til byggeleing.

Utsifting av røromnar og belysning i Vilnes kyrkje*Kommentar til prosjektet:*

Til dette har soknet fått tilsegn om tilskot frå Riksantikvaren på kr 205.000,- og i kommunen sitt budsjettvedtak for 2022 er det løyvd kr 170.000,- til omnar og belysning. Motteke tilbod frå Holmedal Elektriske AS på ca. kr 250.000,- + oppgraderingar i sikringsskåp er akseptert (jf. sak FR 2021/33).

Rullestollift/heis til Askvoll kyrkje*Kommentar til prosjektet*

Her ligg ikkje føre konkret prosjektplan eller kalkyle.

Stipulert kostnad kr 100.000,-

KLP- eigenkapitalinnskot

Pliktig årleg innskot til pensjonsordninga.

Disponibelt til prosjektet:

Overført kr 14.000,- frå drift.

Kommentar til prosjektet:

Ingen.

Del 2 driftsbudsjettet**2.1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING****2.1.0 Utgifter****2.1.1 Lønn og sosiale utgifter**

Her er lagt opp til uendra bemanningsnivå, frå 2021, men med ei 10% stillingsauke på kyrkjemusikar, finansiert av tilskot frå Bjørgvin bispedømme og Helse og omsorg, Askvoll kommune.

Det er teke utgangspunkt i arbeidsstart frå 1. mars i budsjettet.

Samla budsjettert utgift til lønn og sosiale utgifter for 2022 er kr 2.937.700,-. Her er lagt inn 3,8% lønnsvekst i 2022, og det er brukt 17% sats i arbeidsgivarandelen til KLP.

2.1.2 Kjøp av varer og tenester

Faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjør i forslaget kr 1.046.400,-, som er noko opp (kr 46.400,-) samanlikna med økonomiplanvedtaket. Her er mellom anna lagt inn auke for tenestekjøp av kyrkjemusikktenester i påvente av at ny organist skal ta til i stillinga.

Det er føreslege brukt kr 177.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan i 2022. Dette er 27.000,- meir enn i økonomiplanforslaget. Her er mellom anna lagt inn på nytt ny foldevegg til Kvammen kapell, som vart bestilt i 2021, men vert ikkje levert før i 2022. Dette vil delvis verte finansiert med bunde fond til Kvammen kapell med kr 24.000,-

For å balansere budsjettet er opprydding og kompostløyising i Stongfjorden redusert med kr 10.000,- og uføresettposten er redusert med kr 10.000,- til 40.000,-.

VU-plan 2022	Utgift
Kompostløyising og opprydding Stongfjorden gravplass	10 000
Ny foldevegg i Kvammen kapell	47 000
Leasingavtale plentraktor (årspris)	25 000
Opprydding bårerom i Kvammen	10 000
Lyddemping Kvammen kapell	20 000
Fornyng PC-ar og kontormøblar kyrkjekontoret	25 000
Uføresett	40 000
<u>Sum</u>	<u>177 000</u>

2.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 14.000,- til eigenkapitalinnskot for pensjon.
 - Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.
 - Refusjonar for leige av bedehuskapella med kr 60.000,-.
- Totalt kr 94.000,-

2.2.0 Inntekter

2.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornyng.

Festeavgift

Det er registrert ca. 250 festeutløp i 2021, med tilbod om fornyng i 2022. Dette er lågare enn talet for 2020, der det var om lag 100 fleire utløp, men ein vil i 2022 få effekten av forhøya festeavgift frå 150,- til kr 260,- for ordinært feste.

Om ein framleis legg til grunn 80% fornyingsgrad av festa (altså 200 graver), vert stipulert for inntekt for festeavgift i 2022 sett til kr 273.000,-.

Ein bør likevel legge inn ein margin med tanke på at færre vil fornye festet med auken i avgiftssatsen, og at ein tek utgangspunkt i 70% fornyingsgrad, altså 175 graver i 2022. Dette gir ei forventa inntekt på kr 239.000,-, altså kr 16.000,- meir enn budsjettert i 2021.

Betaling for kyrkjelege tenester

Med verknad frå mai 2021, har ein innført nokre nye betalingstenester knytt til kyrkjelege tenester.

Førre tre åra har ein hatt 33 kyrkjelege gravferdsseremoniar i soknet, og ein kan då forvente ein årleg inntekt på ca. kr 8.000,- her på preludering.

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 6.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total eigeninntekt er sett til kr 256.000,-.

2.2.2 Refusjonar og overføringar

Tilskot rentekompensasjon for orgelinvesteringa i Askvoll er sett til kr 8.000,-

Ein legg til grunn kr 28.000,- i fondsfinansiering av ekstra stillingsdel til kyrkjemusikar frå midlane ein fekk til prosjektet frå rettsobjektet Den norske kyrkja i 2021.

2.2.3 Rammetilskot eigen kommune

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunens sitt budsjettvedtak for 2022, kr 3.892.000,- som er vidareført ramme frå 2021 med tillegg (kr 84.000,-) for lønnsauke.

2.2.4 Andre tilskot og gåver

Stipulert kr 20.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.

Nytt prosjekt «Musikkdiakoni i Askvoll» er innvilga tilskot på kr 80.000,- frå helse- og omsorgsetaten i Askvoll kommune gitt over 3 år.

Her er lagt inn kr 27.000,- i årleg tilskot.

Samla tilskot og gåver: kr 47.000,-

Hovudoppsett forvaltning (kap 04100-04300)		
<i>Utgifter:</i>	Budsjett 2022	ØP 2022
Lønn og sosiale utgifter	2 937 700	3 006 000
Vare og tenestekjøp	1 046 400	1 000 000
VU-plan (utanom fondsfinansierte tiltak)	177 000	150 000
Refusjonar og overføringar	94 000	95 000
<i>Sum utgift</i>	<u>4 255 100</u>	<u>4 251 000</u>
<i>Inntekter:</i>		
Brukarbetaling, sal og avgifter	-256 000	-256 000
Refusjonar og overføringar	-8 000	-10 000
Rammetilskot eigen kommune	-3 892 000	-3 912 000
Andre tilskot og gåver	-47 000	-73 000
Renteinntekter	-100	0
Bruk av avsetningar	-52 000	
<i>Sum inntekt</i>	<u>-4 255 100</u>	<u>-4 255 100</u>
Differanse	0	0

Meirverdiavgift er ikkje teke med her i tabellen.

2.3 Hovudkapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil verte finansiert ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

I budsjettforslaget vert det forutsett at ein budsjetterer desse tenestene i balanse som tidlegare, utan kommunale driftstilskot.

2.3.1 Generelt kyrkjelydsarbeid

Her ligg hovuddelen av kyrkjeofringane. Kr 40.000,- er lagt inn som offerinntekt som vert overført til andre. Beløpet svarar om lag til det som kom inn i 2021, som var betydeleg lågare enn tidlegare år.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er tenkt gjennomført digitalt også i 2022, men då går innbetalingane direkte til organisasjonen utan at dei går innom soknet sin rekneskap. Derfor er postane sett i kr 0,- i forslaget.

Ofringar til eige arbeid er lagt inn med kr 12.000,- som finansierer ulike kyrkjelydstiltak og materiell (kyrkjekaffi, kyrkjemusikalsk arbeid, etc.).

Deltenesta er budsjettert i balanse med ramme kr 52.000,- ekskl. MVA.

2.3.2 Trusopplæring

Her er lagt inn grunnkostnaden for kyrkjelydspedagog finansiert med trusopplæringsmidlar frå det sentrale rettssubjektet Dnk, samt fondsfinansiert (kr 168.000,-) prosjektstillingsdel som går t.o.m. oktober 2022.

Etter 2022 vil trusopplæringsfondet omtrent vere tappa.

Utgifter og inntekter knytta til aktivitet er grovt stipulert, då det pga. koronasituasjonen er uvisst kva tiltak som vil verte gjennomførte i 2022.

Deltenesta er budsjettert i balanse med totalt delbudsjett kr 563.000,- ekskl. MVA.

2.3.3 Kyrkjeblad

Det er teke utgangspunkt i 3 utgåver av kyrkjebladet i 2022, som tidlegare vedteke, med kostnad på omkring kr 76.000,- ekskl. MVA. Dette vert finansiert med bladpengar, annonsar og kyrkjeofringar.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett og driftsbudsjett for 2022 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

Det vart sett fram forslag frå Jostein Gryte at ein også bør vurdere alternative løysingar for rullestoltilkomst til koret i Askvoll kyrkje, t.d. rullestolrampe.

Kyrkjeverja sette fram forslag om at ein legg til eit nytt punkt i vedlikehalds- og utviklingsplanen 2022; Stemming av orgelet i Kvammen, finansiert med bruk av orgelfondet i Kvammen.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett og driftsbudsjett for 2022 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja, men ein vil også vurdere alternative løysingar for rullestoltilkomst til koret i Askvoll kyrkje, t.d. rullestolrampe.

2. Ein legg til eit nytt punkt i vedlikehalds- og utviklingsplanen 2022; Stemming av orgelet i Kvammen, finansiert med bruk av orgelfondet i Kvammen.

SR 2022/6 Konfirmasjonar på laurdag

UTGREIING

Saka er oppe til handsaming, etter å ha vore utsett frå sist møte, då representantar frå Vilnes ikkje var til stades under det møtet.

Soknepresten har motteke skriv frå konfirmantforeldre om moglegheiten forfleire laurdagskonfirmasjonar framover. Dette er eit spørsmål soknerådet må ta stilling til.

Soknepresten sitt notat i saka som grunnlag for drøftingar i soknerådet:

Konfirmasjonar på laurdag

Frå representantar for konfirmantforeldre våren 2024 og 2026 har eg motteke brev med spørsmål om konfirmasjonane i Askvoll og Holmedal kan vere på laurdagar våren 2024. Spørsmålet gjeld også Askvoll våren 2026. Dette er eit spørsmål som skal takast opp i soknerådet.

Ynskjet om laurdagskonfirmasjon vert grunngeve med at mange har tilreisande familie og at det er kjekt å få ein lengre dag saman med gjestene.

Pr i dag har Askvoll sokn hatt gudsteneste med konfirmasjon på laurdag fleire år på rad i Vilnes kyrkje, i Bulandet kapell og Værlandet kapell. Så langt eg kjenner til, har grunnen til desse laurdagskonfirmasjonane vore reiseveg og ferjetider. For Bulandet og Værlandet må dette seiast å vere ei svært gyldig argument. For Vilnes sin del, er dette noko meir usikkert.

Når biskopen i Bjørgvin ved tidlegare høve har gitt løyve til laurdagskonfirmasjon, har dette for det første vore ut frå reiseavstandar (som ovanfor), og for det andre at sokn med mange kyrkjer kan få altfor lang tid mellom vanlege søndagsgudstenester dersom alle konfirmasjonar kjem på søndag. Det vart likevel understreka at det søndagen som er hovud-dag for gudsteneste-feiring, også konfirmasjonsgudstenester.

I dag er laurdagskonfirmasjonar eit spørsmål som soknerådet handsamar som ein del av arbeidet med gudstenesteplan. Dette arbeidet skjer i samråd med prost.

I Askvoll sokn bør søndag framleis vere hovud-dag for konfirmasjon. Vi er likevel avhengig av å bruke nokre laurdagar, av dei to grunnane som er nemnt ovanfor. For ein del foreldre som skal skipe til konfirmasjonsfest er det rimeleg å tru at dei reknar laurdagskonfirmasjon som eit gode. Soknerådet bør derfor vurdere om det for nokon av kyrkjene skal vere laurdagskonfirmasjon som går på omgang, eller om ein skal halde fram med ei fast ordning for kor hen det er laurdagskonfirmasjon.

Til orientering er det frå mi side skissert ein intern plan for komande fem år der dette er hovudmønsteret:

- Holmedal: Konfirmasjon søndag seint i april
- Vilnes: Konfirmasjon laurdag tidleg i mai
- Askvoll: Konfirmasjon søndag same helg som Vilnes.
- Stongfjorden og Kvammen: Konfirmasjon kl 10 og 12 ein søndag nær midten av mai.

- Værlandet og Bulandet: Konfirmasjon kl 10 og 12 ein laurdag nær midten av mai, eller Kristi himmelfartsdag / Helgetorsdag.

Dette tilsvarar mønsteret som har vore dei siste i noko tid.

Etter mitt syn bør Bulandet og Værlandet ha laurdagskonfirmasjon/ Kristi himmelfart som ein fast ordning, medan for dei andre kyrkjene bør ein ha konfirmasjon på søndag / helgedag som hovudordning. Dette er likevel ikkje til hinder for at ein har ein eller to laurdagskonfirmasjonar (i tillegg til Bulandet og Værlandet), men desse bør i tilfelle gå på omgang. Eg ser fram til å drøftingar i soknerådet.

Kjell Olav Høstaker Nordheim
Sokneprest i Askvoll sokn

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. I det vidare går ein inn for å variere på kvar det vert sett opp laurdagskonfirmasjon.

SR 2022/7 Bispevisitas

UTGREIING

Som kjent skal det vere bispevisitas i Askvoll i mai 2022.

Datoene er noko endra frå tidlegare planar. Ny datoplan er 23.-26. mai, slik at ein får fire dagar samanhengande.

Kyrkjestaben og prosten har begynt å førebu visitasen.

Ein har i januar hatt Teams-møte med prosten, og på bakgrunn av dette Har ein hatt eit stabsmøte, og utarbeidd følgjande programskisse:

Dag	Dagtid	Kveldstid
Måndag 23/5	Møte med staben	Open kulturkveld i Askvoll kyrkje
Tysdag 24/5	Spørretime på ungdomsskulen Rektormøte om skule/kyrkje-samarbeid Besøk på Montesorriskulen Besøk på Askvollheimen (tema: musikkdiakonalt prosjekt i Askvoll)	Kystpilegrimskveld i Vilnes kyrkje (prøve å reise ut med Bakkejekta)
Onsdag 25/5	Møte med ordførar og kommunedirektør Konvent med prestane i prostiet	Møte med frivillege, råd og utval og tilsette (her er det biskopen som har agendaen)
Torsdag 26/5	Konfirmasjonsgudsteneste i Bulandet (kl. 1100) Visitasgudsteneste i Askvoll kyrkje (kl. 1400) Visitasføredrag (ca. kl. 1500) Kyrkjekaffi (ca. kl. 1600)	Slutt

Programfrist og programkomité

Det er sett ein programfrist til **23.februar**.

Det bør setjast ned ein programkomité som kan utarbeide endeleg programforslag og elles ta ansvar for at visitasen vert gjennomført på ein god måte.

Her bør soknerådet og kyrkjelydsutvala vere representerte.

Kyrkjestaben føreslær at programkomitéen vert sett saman av:

- Soknerådsleiar
- Ein frå kvart kyrkjelydsutval
- Sokneprest
- Sekretær
- Kyrkjeverje

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd oppnemner ein programkomité med ansvar for førebuing og gjennomføring av bispevisitasen 2022.
2. Komitéen er sett saman av soknerådsleiar, ein frå kvart kyrkjelydsutval, sokneprest, sekretær, kyrkjeverje.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd oppnemner ein programkomité med ansvar for førebuing og gjennomføring av bispevisitasen 2022.
2. Komitéen er sett saman av soknerådsleiar, ein frå kvart kyrkjelydsutval, sokneprest, sekretær, kyrkjeverje.